



Seljord kommune

Kultur og næring

Arkivkode: 000

Sakshand.: Asbjørn Storrusten

Dir.tlf.: 35065155

Vår ref.: 2013/2 - 17

Dato: 26.11.2013

Det Kongelige Kommunal- og Regionaldepartement

Postboks 8112 Dep.

0032 OSLO

Att.: Rengård Anita

Lovfesting av medvirkningsordning for ungdom - Høring

Seljord kommune syner til skriv om høring av " Lovfesting av medvirkningsordning for ungdom".

Seljord ungdomsråd og Seljord formannskap har handsamma høringa og gjort følgjande vedtak;

Seljord ungdomsråd si tilråding:

Seljord ungdomsråd rår Seljord kommune gjere følgjande svar på høring om ungdomsmedverknad;

Formannskapet meiner at den beste løysinga for å gi ungdommen best mogleg medverknad i kommunen er løysing skissert i høyringsnotatet om lovfesting av medverkningsordning for ungdom Alternativ A; "En egen generell bestemmelse i Kommuneloven, om særlege medvirkningsorganer, men som pålegger kommunene å ha slike ordninger for unge, eldre og personer med nedsatt funksjonsevne."

Vedtaket er fatta på vegne av kommunestyret med heimel i kommunelova 13 om hastekompetanse jf. Delegasjonsreglementet for Seljord kommune.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 21.11.2013

Ungdomsrådet si tilråding vart samrøystes vedteke.

For Seljord kommune

Asbjørn Storrusten

Kultur- og nærings sjef, folkehelsekoordinator

Utskrift av kommunens saksframlegg er vedlagt.



Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval		21.11.2013

Svar på høring - Medvirkningsordning for ungdom

Saksdokument:

Vedlegg:

- 1 Lovfesting av medvirkningsordning for ungdom - høring
- 2 Høringsnotat om lovfesting av medvirkningsordning

Saksutgreiing:

Kommunal- og regionaldepartementet har i samarbeid med Arbeidsdepartementet og Barne-, likestillings - og inkluderingsdepartementet sendt ut et høringsnotat om lovfesting av medvirkningsordning for ungdom, med frist for høringa 25.november. I høringsnotatet ber departementet kommuner og fylkeskommuner fortelle hvilken erfaringer de har med ulike typer ungdomsmedvirkning og hva de mener en lovfestet medvirkningsordning for ungdom bør inneholde.

Seljord ungdomsråd (SUR)

Seljord kommune har etablert Seljord ungdomsråd, med representantar frå dei 6 ungdomskuleklassane, frå vidaregåande skule, avd. Seljord og representant frå ungdomsgruppa utanfor skulemiljøa. Kommunestyret har valt representant i rådet, ordførar og rådmannen deltek på møta når dei kan. Kultursjefen er sekretær for rådet. Representantane blir valt for 2 år, det gjer at om lag 50 % av representantane blir skifta ut kvart år.

Arbeidsform i SUR

Ungdomsrådet er nokså uformelt, det er på dei unges betingelsar. Det er sekretær som kallar inn til møte, setter opp sakliste med aktuelle saker eller med saker som representantane spelar inn. Sekretær skriver referat og eventuelle skriv om ungdomsrådet sine tilrådingar/vedtak.

Ettersom det er stor utskifting av representantar kvart år ved skulestart, har ikkje kommunen sett det som mogleg å drive opplæring i kommunal møtepraksis, arbeidsutval/ eller offentleg sakshandsaming i eit ungdomsråd med representantar som normalt er mellom 13 -18 år. Om opplæring og eigen drift skulle vera målet vil ikkje ungdomsrådet bli funksjonelt før vinteren og administrasjonen vil bli pålagt eit betydeleg meirarbeid. Eit slikt råd vil òg berre fungere om leiaren er ekstra interessert og kompetent. Om denne ikkje er "spesielt interessert" vil rådet ikkje fungere.

Val

Seljord kommune ser ikkje det som mogleg å opprette ungdomsråd for 4. årig valperiode lik kommunestyret og medverknadsordningane for eldre og nedsett funksjonsevne. Dei fleste ungdommane flytter ut av Seljord for å utdanne seg eller for militærtjeneste, så for ungdommen i rådet er 4. år altfor lang horisont.

Seljord ungdomsråd drøfta lovfesting av medverkingsordning for ungdom på sitt møte 5. november 2013 og kom fram til å tilrå Seljord kommune til å gå inn for Alternativ A i høyringsnotatet. "En egen generell bestemmelse i Kommuneloven, om særlege medvirkningsorganer, men som pålegger kommunene å ha slike ordninger for unge, eldre og personer med nedsatt funksjonsevne."

Det er kommunestyret som gjev høyringssvar for kommunen, på grunn av fristen er 25. november for å gjeve høyringssvar tilrår rådmannen at formannskapet fattar vedtak med heimel i kommunelovens §13 om hastekompetanse jf. Delegasjonsreglementet for Seljord kommune.

Seljord ungdomsråd si tilråding:

Seljord ungdomsråd rår Seljord kommune gjere følgjande svar på høyring om ungdomsmedverknad;

Formannskapet meiner at den beste løysinga for å gi ungdommen best mogleg medverknad i kommunen er løysing skissert i høyringsnotatet om lovfesting av medverkingsordning for ungdom Alternativ A; "En egen generell bestemmelse i Kommuneloven, om særlege medvirkningsorganer, men som pålegger kommunene å ha slike ordninger for unge, eldre og personer med nedsatt funksjonsevne."

Vedtaket er fatta på vegne av kommunestyret med heimel i kommunelova 13 om hastekompetanse jf. Delegasjonsreglementet for Seljord kommune.

Utskrift til: SUR